

Anp.

103372

NBLADET

mangoblaet 15.12.48

Hemmelige stortingsforhandlinger

1939—1940.

Av overløge Johan Scharffenberg.

I.

Stortingets presidentskap har offentliggjort referater (delvis defekte) av moter for lukkede dører, dels i den forsterkede utenrikskomité (1939: 31/8 og 7/10, 1940: 8/4), dels i Stortinget (1939: 3/5 og 16/9, 1940: 8/4).

Det mangler ennå referater fra flere viktige moter i utenrikskomiteen (visstnok 1939: 25/10, 9/12, 22/12, 1940: 11/1 og 30/1) og Stortinget (1940: 8/1), sannsynligvis flere som jeg ikke har rede på.

Tyskerne fjernet mange dokumenter fra Stortingets arkiv, angivelig helt fra 1814 av, og sendte dem til Tyskland. Det tyske utenriksdepartement lot tidskriftet «Auswärtige Politik» offentliggjøre enkelte utdrag. Senere søkte den av Quisling nedsatte undersøkelseskomisjon å få adgang til en del av disse dokumenter, men fikk først avslag. Til slutt skal dr. H. H. Aall ved henvendelse gjennom Hamsun ha fått utvirket ordre fra Hitler selv om at medlemmer av kommisjonen skulle få se enkelte dokumenter. Det ble da tatt avskrifter som bør finnes blant dens papirer (nå formodentlig i Stortinget), men det finnes også avskrifter hos private.

Etter forlydende ble mange av originaldokumentene evakuert fra det tyske utenriksdepartement, de skal senere være blitt amerikanernes bytte og nå finnes i USA.

Stortingets presidentskap bør opplyse sammenhengen og fortsette utgivelsen av de referater som forhåpentlig kommer til rette. Det kan ikke lenger være noen rimelig grunn til hemmeligholdelse hvis statsmyndighetene ønsker at almenheten skal få sannferdig opplysning om okkupasjonens forhistorie og om fordelingen av ansvaret mellom Norges,

vestmaktene og Tysklands politikere og militære.

*

Artikkelen i juniheftet 1942 av «Auswärtige Politik» har titelen «Englische Gewaltpolitik im Lichte der Protokolle des Storting». Forfatteren er ikke navngitt, sannsynligvis var det utgiveren professor *Friedrich Berber*. Referatet er sterkt sakmentrengt, men synes å være pålitelig.

I utenrikskomiteens møte 25. oktober 1939 gav utenriksminister *Koht* opplysninger om forhandlingene med England. England krevde garantier med hensyn til handelen mellom Norge og Tyskland, alle britiske konsularagenter skulle få rett til å kreve opplysninger av norske importører og eksportører og til å undersøke deres bøger. Norge hadde protestert og foreløbig avslått å gi de forlangte garantier.

Om utenrikskomiteens møte 9/12 1939 foreligger det ikke opplysninger, men for motet 22/12 1939 bygger jeg på en avskrift av det stenografiske referat.

Formannen, *Hambro*, hadde sammenkalt motet for å gi opplysninger fra Nasjonenes Forbunds møte i Genève hvor den viktigste sak var Russlands angrep på Finland 30. november.

Statsminister *Nygaardsvold*, utenriksminister *Koht* og den nyutnevnte forsvarsminister *Ljungberg* var til stede.

Opplysningene om Finnlands-spørsmålet og Norges stilling til det har historisk interesse, men må forbigås her.

Hambro antok at vestmaktene ikke ønsket at Norge og Sverige skulle bli nødt til å bryte sin nøytralitet for å hjelpe Finland, men hertil svarte *Koht*:

«Eg må ærleg segja at eg trur ikkje dette. Eg trur for min part at England og Frankrike vil driya Noreg ut or nøytraliteten sin og inn i krigen.» Dette støttet han også på et samme dag motatt telegram fra den norske sendemann i Helsinki. Deretter fortsatte han:

I

f

e

e

r

f

v

j

l

:

:

:

:

:

:

:

:

:

:

Mangoblaet
15.12.48

UB

«Dette at vestmaktene gjerne vil driva oss ut or nøytraliteten og ut i krigen, det har sett sit merke i andre spørsmål og, og eg må i denne samanhengen taka fram noko som har hendt i dei siste dagane, som ikkje gjeld just spørsmålet um Finnland, men som gjeld vårt eige tilhøve til vestmaktene. Nemnda veit at vi har i London ein delegasjon, som forhandlar der med den britiske regjeringa og samstundes med den franske regjeringa um handelsspørsmål i krigstida. Delegasjonen var send dit burt med det tyremålet å dryfta berre slike handelspolitiske spørsmål, etter det på fyrehand var staka upp visse politiske grunnlinor for det heile. Det hadde på fyrehand vore ein britisk utsending her i Oslo som hadde dryft alle desse spørsmåla her, og vi hadde nått fram i det minste til ei viss forståing, eit visst grunnlag for dei avtalane som skulle bli gjort um handelstilhøva i krigstida, og grunnlaget var dette at Noreg skulde, i det store og heile, i det minste få halda uppe sin normale handel til alle sidor. Sist laurdag (16/12 1939) hende det på eit møte som denne delegasjonen hadde med representantar for det britiske ministeriet for økonomisk krig, at umbodsmannen for dette ministeriet heldt ein tale, gav ei utgreiing, som beint fram sa at England kjenner seg ikkje lenger bunde til dette standpunktet um handel på normalt fredstidsgrunnlag. Det som den britiske regjeringa no krev, det er at Noreg skal so langt som råd er, bryta handelen sin med Tyskland, særskilt ikkje utføre til Tyskland dei varone som på nokon måte kann gjera krigen lenger, og det vil segja ikkje berre krigsmateriell, ikkje

Forts. s. 6.

(Forts. fra side 3.)

berre det som beint ut skal nyttast i krig, men beint fram matvaror, soleis at dei vil freista på med hjelp av Noreg å svelta ut Tyskland. Eg skal lesa ordret frå den meldinga som vi har fått frå delegasjonen vår i London, noko av det som denne britiske regjeringsrepresentanten sa, og som han beint fram sa på vegnene at den britiske regjeringa. Han sa at det som dei ikkje vilde skulde gå til Tyskland frå Noreg, det var kvalolje og alle slag fisk og fiskeprodukt, det var sildemjøl og sildolje, fiskemjøl og fiskolje, det var alt som var fisk. So lenge han hadde noko å segja, står det i dette referatet frå delegasjonen, måtte han med heile si kraft gå inn for at ikkje eit tonn kvalolje, ikkje ein sekk fiskemjøl, ikkje ein drope fiskolje, ikkje eit kvantum fisk skulde nå Tyskland. Han sa at den britiske regjeringa meinte at ho hadde rett til å pressa på Noreg for å få Noreg til å gå med på dette, og ho meinte å kunne pressa på Noreg, fordi Noreg låg til soleis at det var den britiske regjeringa som hadde makta. Han sa — so nådig var han — at den britiske regjeringa vilde ikkje beint fram gå til militære tiltak mot Noreg, soleis ikkje beint fram lysa krig mot oss, men vi måtte i tilfelle vera budde på å bli blokert. Ordet *blokade* vart nytta. Det var dei trugsmåla som her vart reist mot oss, og det er heilt klart at um Noreg blir tvinga til å bøygja seg for slike krav, so er vi utanfor nøytraliteten, so vil Tyskland i det minste segja at vi er utanfor nøytraliteten og vi kann venta oss dei repressaliane frå tysk side som Tyskland i det heile kann nytta mot oss, og eg er for min part ikkje i tvil um at det då vil bli på slik ein måte at vi i røynda er i krig. Dei norske delegerte vende seg til sende-

mannen vår i London og bad han vera med i dryftingane um desse spørsmåla og bad um å få tala med sjølve chefen for dette departementet for økonomisk krig og dessutan med utanriksministeren. Dei nådde ikkje fram fyrst, dei fekk berre på ny tale med denne umbodsmannen for departementet som fyrr hadde ført ordet, og han berre streka under på nytt alt det han hadde sagt, og han gjorde det heilt klart at England vilde setja all ting inn på å tvinga oss til å bli ein part i krigen. Det som den britiske regjeringa byggjer på, er det at Tyskland på si side går ut på å hindra tilførsler til England, og dermed meiner då England at det har rett til å gjera alt det kann for å hindra tilførsler til Tyskland, og det bryr seg ingenting um at vi er nøytrale eller har rett ar som nøytrale, det berre byggjer på si makt og vil tvinga seg fram, tvinga oss ut or nøytraliteten. Vi har fått rapportar um desse samtale, men vi har dessutan no fått eit telegram frå legasjonen um at i det minste den norske sendemannen og formannen i delegasjonen har nått fram no for eit par dagar sidan til chefen for departementet for økonomisk krig — Mr. Cross, heiter han — og han har då i det minste sagt at han kunde modifisera det britiske kravet noko, soleis at det ikkje skulde vera heilt slutt på all utførsle av fisk og fiskeprodukt til Tyskland.

Det som ein kann skyna av det som er sagt, er at det som den britiske regjeringa kanskje vil gå med på, er det at ein skal få føra ut fiskehermetikkk og kanskje noko anna, kanskje noko fersk fisk til Tyskland, berre ikkje sild, for sild er altfor feit og god mat til at dei vil lata det gå til Tyskland, og fiskehermetikkk utfører vi so lite av til Tyskland i fyrevegen, so det gjer ingen ting um vi no skulde utføra det i normale mengder, so det kompromisset som dei soleis tydeleg viser til, er ikkje eit kompromiss som gjer noko skifte i sjølve hovudsaka. Eg nemner dette i denne samanheng, for di vi må sjå helle den britisk-franske politikken her i samanheng, og den vender seg då her ikkje berre mot Russland, men liksovel mot Tyskland, og vil i bae tilfelle driva oss ut or nøytraliteten, få oss til å vera part i krigen. — det spørsmålet som har reist seg for alle, er dette: Korleis vil Tyskland stella seg um Noreg gav slik hjelp til vestmaktene for Finnland? Um det spørsmålet må eg for min part segja at det veit vi i dag ingen ting um. Det har kome heilt motsette meldingar frå Tyskland i dette spørsmålet. Det er sume meldingar som går ut på at Tysk-

land då vil gripa inn til hjelp for Russland og hindra hjelpa til Finnland. Andre meldingar segjer det motsette, at Tyskland vil lata all slik hjelp gå. Ein veit ingen ting, men vågnaden har vi. Driv England dessutan fram denne handelspolitikken sin, soleis som eg har vist at han er, trur eg nok det blir heilt klart, korleis Tyskland vil stella seg.

Det som vi fyrebils kann gjera i dette spørsmålet i tilhøvet til England, det er sjølv sagt dette å strita imot so lenge vi kann, og freista på å føra forhandling og forhandling um desse spørsmåla, soleis at vi på ein eller annan måte kanskje — kanskje — kann hindra at vi blir drivne ut i den stoda som England etter mitt skyn gjerne vil ha oss i. Det kann vera godt for oss at det varer lenge med dette, at vi kann få hala dette ut. Det er sjølv sagt nyttig for oss, det er nær sagt den einaste vona for oss i den nær stunda. Men vi må då føra konsekvensene ut i spørsmålet um Finnland

og, vi må vera ytarleg vara med kva vi gjer der. Vi må syta for at det som der blir gjort, ikkje kompromitterer den norske staten, det er vi nøydde til for vår eiga skuld.»

Joh. Ludw. Mowinkel uttalte bl. a.:

«Sverige har jo fått en handelsavtale i stand. Er den handelsavtale av så uforskammet art som den handelsavtale er som England nå vil påtvinge oss? —

— Det er ganske storartet, at her har vi stilt hele vår store handelsflåte til Storbritannias disposisjon på betingelse av at vi skulle få en rimelig handelsavtale, og så opptrer Storbritannia like overfor oss på denne måte! Det truer altså med blokade.»

Kort så senere bl. a.:

«Eg trur som formannen at vestmaktene — lat meg taka det konkret — ikkje har noko ynske um just å driva oss inn i krigen, det er so, men det som vestmaktene vil ha oss til å gjera, det er ting som vil føra oss inn i krigen. Vestmaktene går ut frå og segjer det beint fram: Ja vel, De skal få vera nøytrale, men vel å merke på den måten at De hjelper oss i krigen. Det må då vera heilt klart at det blir i strid med nøytraliteten vår, det kann ikkje bli anna enn i strid med nøytraliteten vår. Og kjem vi utanfor nøytraliteten, ja vel, då veit vi ikkje lenger hva vi er uppe i — eller kanskje vi veit det alt for godt. — — — — Men det er ein ting som eg straks kann nemna her, og det er den skilnaden som det er på Sverige og Noreg reint reelt i tilhøvet til vestmaktene. Vi veit inderleg vel at den britiske regjeringa har ikkje sett slike krav til Sverige som til oss, dei har sagt til oss og vedkjend seg det ope, at det gjer dei av den endeframme grunnen at dei har ikkje høve til å bruka slik tvang mot Sverige som dei har høve til å bruka mot oss. Sverige ligg slik til at dei kann ikkje setja stengsel for den svenske utførsla til Tyskland, men — segjer dei — det kann vi gjera med Noreg, so at dei set so sterke krav til oss, det er just for di dei meiner sjølve i det minste at dei har makta. Um vi likevel kann lura oss gjenom ein blokade, det er ikkje det som gjer skilnaden på dei britiske krava, men det kann gjera skilnad på vår evne til å stå i mot dei britiske krava, og der meiner eg at vi må stå i mot i det lengste. Um då det spørsmålet melder seg at vi likevel kjem i den tvangssituasjonen at vi so å segja blir drivna inn i krigen, då er det klart at vi må vita kva side vi vil stå på. Då får vi ikkje taka altfor sentimentale omsyn, då får vi tenkja på dei vilkåra vi lever i og kvem det tenar best å vera i lag med, det er heilt klart. — — — — den mannen som bar fram denne politikken, vart med reine ord spurd um han tala på vegnene at den britiske regjeringa, um han kom med dette kravet frå den? og han svarte ja, og han tok upp att i ein ny samtale seinare at det var på vegnene at den britiske regjeringa at han tale og bar fram desse krava.»

Enda alvorligere ble stillingen da England sendte Norge sin truende note av 6. januar 1940.

Herom i neste artikkel.

Johan Scharffenberg.